

Vedtekter for Sogn og Fjordane Holding AS

§1-Føretaksnamn

Selskapet sitt namn er Sogn og Fjordane Holding AS.

§2-Forretningskontor

Selskapet sitt forretningskontor er i Leikanger kommune.

§3-Føremål

Selskapet si verksemd er investeringsverksemd, under dette kjøp og sal av aksjar, andelar, konsesjonskraftrettar og fast eigedom og anna verksemd som står i samband med føremålet. Selskapet har ikkje som føremål å gje aksjeeigarane økonomisk utbytte, jf. aksjelova § 2-2. Reglar om bruk av årleg overskot og fordeling av nettoformue ved oppløysing er gjeve i § 5.

§4-Aksjekapital

Selskapet sin aksjekapital er NOK 3 834 904 fordelt på 3 834 904 aksjar, kvar pålydande NOK 1.

§5 – Selskapet sitt overskot og fordeling av nettoformue ved oppløysing

Eventuelt driftsoverskot skal avsetjast til dekning av framtidige investeringar, dekning av gjeld og/eller drift. Når forsvarlege avsetningar er gjort, kan eventuelt resterande driftsoverskot gjevast som tilskot etter paragrafen her.

Selskapet har som føremål å gje økonomisk bistand til allmennytige føremål innanfor den geografiske regionen Sogn- og Fjordane slik grensene var per 1. januar 2018, korrigert for dei justeringane som vert gjort 1. januar 2020.

Tilskot vert gjeve til særskilde investerings- og utviklingsprosjekt i Sogn og Fjordane og tilskot kan gjevast til føretak, kommunar og organisasjonar. Generalforsamlinga avgjer storleiken på årleg tilskot etter forslag frå styret. Styret avgjer fordelinga av det årlege tilskotet. Det kan ikkje nyttast høgare beløp enn det styret foreslår eller godtek.

Tilskot kan ikkje nyttast til fylkeskommunale føremål, kommunal drift eller drift av føretak og organisasjonar. Fylkeskommunen, statlege organ, eller føretak kontrollert av stat eller fylkeskommune kan ikkje få tilskot. Tilskot kan likevel nyttast til høgare utdanning, t.d. til stipendiatar.

Tildelinga skal følgje EØS-regelverket for offentleg støtte.

Nærmare instruksar til styret for tilskotsordninga vert fastset og endra av generalforsamlinga med 4/5 fleirtal.

Ved oppløysing av selskapet skal formuen som er igjen etter at kreditorane sine krav er dekte, fordelast på kommunane innanfor den geografiske regionen Sogn- og Fjordane slik grensene var per 1. januar 2018, korrigert for dei justeringane som vert gjort 1. januar 2020. Formuen skal fordelast på kommunane ved at ($\frac{1}{2}$ ska delast likt og $\frac{1}{2}$ skal fordelast basert på folketalet i den einskilde kommunen per 1. januar 2018). Formuen som vert fordelt mellom kommunane skal forvaltast som kommunale næringsfond i kraftsaker (kraftfond og heimfallsfond) i samsvar med dei til ei kvar tid gjeldande standardvedtekter fastsett av Komunaldepartementet og godkjent av Fylkesmannen.

§6 - Styre

Generalforsamlinga vel medlemene i styret mellom representantane i fylkestinget.

Styret skal ha sju medlemar. Minst fem av medlemene, medrekna styreleiaren, skal vera frå den geografiske regionen Sogn- og Fjordane slik grensene var per [1. januar 2020]. Ein medlem er frå den geografiske regionen når medlemen har folkeregistrert adresse der.

Medlemene i styret skal veljast kvart fjerde år i første konstituerande fylkesting etter val til fylkestinget. Reglane i aksjelova § 20-6 om representasjon av både kjønn i styret gjeld tilsvarende for styret.

Styret skal sørge for at forvaltninga av overskotet skjer i samsvar med desse vedtektena.

§7 – Overdraging av aksjar

Overdraging av aksjar i selskapet krev samtykke frå styret.

Overdraging av aksjar i selskapet er forbode utan at det først er avklara at overdraginga ikkje utløysar forkjøpsrett i aksjane selskapet eig.

§8 – Stemmerett på generalforsamlinga

På generalforsamlinga i selskapet skal eigar som er ein fylkeskommune vera representert ved medlemene i fylkestinget. Kvart medlem skal ha ei stemme samhøvande med eigaren sitt aksjeeigarskap. Det einskilde medlemen av fylkestinget skal handsamast som ein aksjeeigar i høve reglane i aksjelova om innkalling. Reglane for aksjeeigarar i aksjelova skal elles nyttast så langt dei høver og har samanheng med utøving av stemmerett på generalforsamlinga.

§ 9 – Sal av eigendelane til selskap

Sal av selskapet sine eigendelar som utgjer meir enn 9/10 av dei balanseførte verdiane til selskapet skal reknast som oppløysing og følgjer reglane i aksjelova kapittel 16.

§ 10 – Skjerpa fleirtalskrav til endring av vedtekter

Endringar i vedtektenes §§ 5, 6, 7, 8, 9 og paragrafen her (§ 10) kan ikkje gjerast e utan støtte frå minst 4/5 av dei stemmer som er gjeve etter § 8.

§11 - Aksjelov

Elles gjeld den til kvar tid gjeldande aksjelov.